

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	12.12.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/42624-14
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Berit Vik
<b>E-post</b>	Berit.Vik@vlfk.no
<b>Telefon</b>	41321036

## Kulturmiljøfagleg fråsegn - Eknes ytre - dispensasjon frå reguleringsplan - gnr 239 bnr 17 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv viser til inngåande brev datert 27.11.22. frå Arkitektkontoret A21/tiltakshavar, der nye skisser av løysing for vindaugsløysing mot sjøsida var vedlagt. Vi viser elles til synfaring i mai og tidlegare dialog og uttaler frå Vestland fylkeskommune i saken.

I dag, 12.12.22, blei tilsendte skisseforslaga – jamfør illustrasjon på neste side - drøfta i møte med arkitekt, tiltakshavar og rådgjevar for kultur i Alver kommune. Vi har også vore i dialog med bygningsvernkonsulent ved kulturverntenesta i Nordhordland når det gjeld dei alternative forslaga. Både Alver kommune, Vestland fylkeskommune og kulturverntenesta har tidlegare gitt uttrykk for at det har vore ønskeleg å oppretthalde fasadane slik dei opphavleg var. Bygget inngår i eit kulturmiljø som i gjeldande reguleringsplan er definert som «spesialområde vern», med tilhøyrande føresegner som støttar opp under fasadevern. Samtidig ser vi at det blir investert store ressursar i eit bygg der forfallet var svært langt kome, og at det er positivt for kulturmiljøet på staden at bygget blir gjenreist med gjenbruk av materiale så langt som mogleg. Tiltakshavar har også lagt fram eit måleri som viser korleis dei opphavlege gavlveggane mot sjøsida har sett ut, der det kjem fram at bygga nord for omsøkte bygg – på gbnr. 239/9 og 10, i seinare tid har sett inn større sjøhusdører. I nabobygget (239/10) var det tidlegare to mindre vindauge i partiet der

Etter nærmare drøfting har vi kome fram til at alternativ 1, som er ynskjeleg frå tiltakshavar si side, vil vere den beste løysinga av dei skisserte forslaga. Alternativ 2 ser vi som uaktuell, og alternativ 3 – som vi ba om at blei utgreidd – er ei dårleg teknisk løysing som også er forvirrande i sitt forsøk på å ta opp igjen den opphavlege vindaugsopninga. Alternativ 1 er etter vår oppfatning den mest fornuftige løysinga, då den er reinskåren og ærleg. Vestland fylkeskommune, og også Alver kommune, kan gå god for ei slik løysing dersom det blir montert kvitmåla, doble tredører (type sjøhusdører) framfor vindaugsflata. Då i form av skyvedører som enkelt kan dekke til vindaugsflata når bygget ikkje er i bruk. I møtet i dag var det semje om ei slik tilnærming.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saken.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)


**Berit Vik**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ARKITEKTKONTORET 21 Elisabeth Rakner

Leitet 1



ALT 1



ALT 2



ALT 3